



UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING NORGE
SØR-TRØNDELAG FKF
Fjordgata 1
7010 TRONDHEIM

Dato: 01.12.2016
Vår ref.: 2016/9494-6
Saksbehandlar: maraskv
Dykkar ref.:

Brev til UKM Norge

Det er litt over eit år sidan at Hordaland fylkeskommune (HFK) vart kontakta av Vest-Agder fylkeskommune (VAF) vedr. Storbyprosjekt UKM og slik situasjonen er no ser ein det som naudsynt med ein tilbakemelding til UKM Norge om status ettersom prosjektet har motteke stimuleringsmidlar frå UKM Norge.

HFK v/ fylkeskontakt i UKM Hordaland vart kontakta av Inga Lauvdal, fylkeskontakt i UKM Vest-Agder, i september 2015 med invitasjon om å delta som samarbeidspart i Storbyprosjektet med ønske om at Bergen kommune vart del av samarbeidet. I Storbyprosjektet var det eit ønske om å iverksette ein skilde tiltak i Bergen, for å ha ein referanse i tillegg til Kristiansand. HFK vurderte prosjektet som eit spennande prosjekt å følgje og såg det som svært positivt at VAF hadde teke initiativ til eit slikt prosjekt. HFK ville bidra med ressursar til i form av arbeidskraft. HFK v/Marianne Askvik tok difor kontakt med bydelskultursjefane i Bergen kommune og Tom Andreas Kristensen.

19.11.15 hadde Askvik møte med bydelskultursjefane Emil Matthiesen (Bergenhus og Årstad bydel), John Christian Øvrebø (Arna og Åsane), Anita Solbakken (Fana og Ytrebygda) og Wenche Grytnes (Laksevåg og Fyllingsdalen). Bydel for Bergenhus og Årstad har ansvaret for UKM-arbeidet i Bergen og kommunekontakten er såleis under leiing av kultursjef Emil Matthiesen. Storbyprosjekt UKM og invitasjonen frå VAF om mogleg samarbeid vart diskutert. Bydelskultursjefane var einige om at Storbyprosjekt UKM var interessant og at dei var positive til at VAF har fått i gong eit slikt prosjekt om UKM. Vidare var det diskutert utfordringar ein opplever knytt til UKM i Bergen og at eit prosjekt som dette kan bidra til fleire gode synergieeffektar. Sjølv undersøkinga var utpekt som særleg interessant, og eit viktig tiltak, men at det her var viktig at den faglege delen av ei slik undersøking vert ivaretaken av ein institusjon som Agderforskning.

Ein forstod det og slik at spørjeundersøkinga var fyrste prioritet og Bergen kommune ville gå i dialog med kommunalbyråd skole og Askvik skulle gå i dialog med Opplæringsavdelinga vedr. gjennomføring av undersøkinga på ungdomsskular og vidaregåande skuler. Det vart konkludert med at bydelskultursjefane var positive til Storbyprosjekt UKM og retta ønske om å samarbeide med VAF om prosjektet. Askvik og bydelskultursjefane ønska meir dialog med kvarandre knytt til UKM og Storbyprosjekt UKM. Lauvdal fekk kopi av møtereferatet, og skulle vere initiativtakar til vidare dialog om samarbeid.

Frå januar hadde Askvik ein del korrespondanse med koordinator i prosjektet. Agderforskning sitt forslag til spørsmål i spørjeundersøkinga vart sendt til Askvik med høve til å kome med merknadar. Askvik og bydelskultursjefane hadde telefonomøte der alle spørsmål vart gjennomgått, og innspel til endringar vart sendt til koordinator.

Med åtte bydelar i Bergen kommune vart det til saman 16 skuler, med stor geografisk spreiing, som skulle få invitasjon til å delta i spørjeundersøkinga. Bydelskultursjefane og Askvik hadde nytt møte i januar 2016 om kva skuler som skulle inkluderast i spørjeundersøkinga og korleis ein skulle jobba vidare med dette.

Offisielt brev, med lenke til spørjeundersøkinga, vart sendt til rektorane ved dei aktuelle skulane frå Hordaland fylkeskommune i mai. To veker etter invitasjonen vart sendt ut, ringte Askvik til rektorane på skulane for å minne dei om spørjeundersøkinga og ønskje om at dei ville svare innan fristen. Det var tidlegare nemnt i brev frå VAF at det var koordinator i Kristiansand skulle gjennomføre spørjeundersøkinga i Bergen, men dette vart ikkje gjort.

Resultata frå Agderforkning sin rapport viser at deltakinga i Bergen var låg. Dette var sjølv sagt skuffande, ettersom det var knytt store forventningar til resultata frå denne. Det bør likevel nemnes at det var fleire fordelar knytt til gjennomføringa av undersøkinga i Kristiansand som ikkje var overførbare til Bergen. Det er større geografiske avstandar i Bergen, noko som gjorde at det ikkje var nok ressursar til å skulle vere tilstade på alle skulane for dette arbeidet. I tillegg hadde Kristiansand iPad dei delte ut til alle elevane for å kunne svare på undersøkinga. Desse iPad'ane kunne ikkje sendast til Bergen og ein fant ikkje ei tilsvarende løysing for gjennomføringa her.

Etter at spørjeundersøkinga var gjennomført, fekk verken Askvik eller bydelskultursjefane noko tilbakemelding frå Lauvdal og koordinator av kva status var for Storbyprosjektet. Fyrst under UKM-konferansen i Riga fekk Askvik tilsendt rapport frå spørjeundersøkinga. Askvik har fleire gongar i haust prøvd å kome i kontakt med koordinator og Lauvdal utan å få konkrete tilbakemeldingar på kva status er i høve samarbeidet. Ein ser ikkje dette som god dialog. I byrjinga av november 2016 fekk Askvik ein e-post frå koordinator med ei kravlista til Bergen for korleis Storbygruppa meinte ein måtte gjere for å få eit godt samarbeid. Denne kravlista hadde innhald som ikkje hadde vore kommunisert tidlegare til HFK.

Askvik hadde nytt møte med bydelskultursjefane i november 2016 der kravlista vart diskutert – i tillegg til vår rolle i dette prosjektet. Tilbakemeldingane frå dette møtet vart sendt til koordinator og Lauvdal. Det var m.a. retta fleire spørsmål kring kravlista og at denne burde ha vore lagt fram for diskusjon på eit mykje tidlegare tidspunkt. Ein såg det og som rart, og uheldig, at verken Bergen eller HFK hadde vore invitert til i delta i Storbygruppa og retta ønskje om å vite kva innhald som låg i Storbyprosjektet sin årsplan med fokusområder. Eit viktig punkt for oss var og å avklare rolla til kommunekontakten i Bergen. I førebuinga og gjennomføringa av spørjeundersøkinga i Bergen var ressursbruken frå Bergen kommune og HFK basert på mykje tidsbruk frå bydelskultursjefane og Askvik. At det no var kommunekontakten i Bergen som skulle bære Bergen sin del av Storbyprosjektet var ikkje kommunisert tidlegare. Dersom det hadde vore kommunisert frå starten av at kommunekontakten i Bergen skulle ha konkrete oppgåver knytt til dette samarbeidet, kunne dette har vore realisert på eit tidleg tidspunkt. Det er viktig å nemne at Storbyprosjektet var forankra på leiarnivå i Bergen, m.a. leiar til kommunekontakten i Bergen. Ein ser og at ein del av korrespondansen i Storbyprosjektet burde ha vore kommunisert på leiarnivå i kommunane Kristiansand og Bergen.

Etter at Askvik sendte fleire spørsmål til koordinator og Lauvdal, fekk ein tilbakemelding frå Lauvdal om status i Storbyprosjektet. HFK ser at Storbyprosjektet har endra seg frå den prosjektskildringa som var startgrunnlaget for eit år sida. Det som skjer i Kristiansand er spennande, og viser til kva oppgåver ein kommune kan ha i UKM på lokalt nivå dersom ein har høve å sette inn store ressursar i dette arbeidet.

HFK er kjent med at Storbyprosjektet i utgangspunktet var eit prosjekt som berre skulle gå føre seg i Kristiansand. Då UKM Norge la fram ønskje / krav om det måtte inkluderast ein storby til med i søknaden for å få stimuleringsmidlar, vart HFK og Bergen kommune utpeika før desse partane var kjent med det.

Slik vi forstår situasjonen i etterkant, kan vi ikkje sjå at HFK og Bergen kommune har vore ein reell samarbeidspart i Storbyprosjektet og ein kan heller ikkje sjå av korrespondansen at prosjekteigar har lagt ned naudsynt arbeid for å oppnå dette. Vi har aldri vore invitert til møter med VAF og Kristiansand, og ein samarbeidsavtale har aldri vore kommunisert.

Vi ser likevel positivt på at det skal inviterast breidt til ein konferanse som ein avslutning på Storbyprosjektet, og vi håper at dette kan vere ein start for å opprette ein fast møteplass for storbyane i heile Noreg der UKM er hovudtema. Ein les og Storbyprosjektet til no å vere eit pilotprosjekt som kan gi overføringsverdi til andre storbyer.

VAF har invitert til å prøve samarbeid på nytt i Storbyprosjektet, men HFK ser det ikkje som mogleg å bidra med ytterlegare ressursar.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar
Utviklingssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.